



Volda og Ørsta Reinholdsværk IKS  
Torvmyrane 29, 6160 Hovdebygda  
Telefon: 70 04 86 00  
firmapost@vor.no

[vor.no](http://vor.no)

**Våre opningstider:**

Måndag: kl 08.00 - 15.30  
Tysdag: kl 11.00 - 19.00  
Onsdag-fredag kl 08.00 - 15.30

*Merk! Laurdagsope gjeld frå 1. mars til 31. oktober,  
med unntak av juli måned.*

Laurdag: kl 09.00 - 12.00



Besøk oss på Facebook

Foto: Shutterstock, iStock, LOOP, Design: Ingvild Mørk



Foto: Fotolia

Hjelp oss å  
sortere emballasje  
av glas og metall

.....

SLIK GJER DU DET

# Morgondagens ressurs

Eigarane til Volda og Ørsta Reinhaldsverk (VØR) har vedteke eit mål om å oppnå 60 prosent materialgjenvinning innan 2020. Innsamling av emballasje av glas og metall ute hos abonnentane er eit av tiltaka for å nå dette målet.

## Må sortere meir

Henting av restavfall kvar 4. veke gjer at du må sortere meir av avfallet.

Då er innsamling av emballasje av glas og metall i eigen behaldar ute hos abonnenten viktig.

## Finn hentedato

Behaldar for emballasje av glas og metall vert tømde kvar 13. veke.

Opplysningar om hentedag finn du ved å laste ned appen Min renovasjon, på nettsida vor.no eller i tømekalenderen som er utsendt i posten.

## Sparer miljøet

Det går med færre ressursar og mindre energi ved å nytte material som er gjenvunne, enn å utvinne og bruke nytt råstoff. For aluminium brukar ein berre rundt fem prosent av energien det tek å utvinne nytt aluminium og sparer rundt 2,5 kilo CO2 per kilo materialgjenvunne aluminium.

## Vinn-vinn

Gjenbruk er vinn-vinn på fleire område. Vi slepp å bruke opp knappe naturressursar og kan spare eit miljø som allereie er truga av overforbruk og utslepp.

## Ikkje alt

Det er likevel ikkje alt som kan leverast i behaldaren. Ureina emballasje og glas og metall som **ikkje** er emballasje, skal ikkje leverast. Døme på dette er porselen, drikkeglas, vindauge, eldfaste former og spikar. Det er ein fordel for gjenvinningsprosessen om det du leverer ikkje er knust.

## Dette kan du levere:



- Drikkeflasker i glas
- Hermetikkboksar
- Syltetøyglas
- Fakkelsboks
- Telysform av metall
- Lok og korkar av metall
- Kosmetikkglas
- Tome kaviar- og majonestuber
- Barnematglas
- Aluminiumsemballasje og -folie
- Øl- og brusboksar av metall utan pant

## Dette kan du ikkje levere:



- Drikkeglas
- Krystallglas
- Eldfaste former
- Keramikk
- Porselen
- Glas av speglar
- Glas frå vindauge
- Bildelar av metall
- Eingongsgrillar
- Lyspærer, lysrør og sparepærer
- Sprayflasker
- Emballasje som inneheld kjemikalier
- Kaffekapslar
- Strykejarn
- Steikepanner
- Kasserollar
- Spikar
- Ureina emballasje av glas og metall



**Emballasjen må vere rein. Rist emballasjen drypptørr. Emballasjen skal rett i dunken utan å pakkast inn. Ta av loket på emballasjen av glas**